



Verneområdestyret Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Pb. 788 Stoa
4809 ARENDAL

Kontakt saksbehandlar

Einar Heegaard, 51568872

Klage på dispensasjonsvedtak om bygging av Skansen turisthytte i Frafjordheiane LVO, gnr/bnr 22/1 Sandnes kommune

Fylkesmannen klagar på dispensasjon gitt til bygging av Skansen turisthytte i Frafjordheiane landskapsvernområde, Sandnes kommune.

Tiltaket er i strid med verneformålet og vil påverke verneverdiane vesentleg og varig. Vilkåra for å gi dispensasjon etter verneforskrifta, jf. lov om forvaltning av naturens mangfold(naturmangfaldlova) § 48, er ikkje til stades.

Bakgrunn for saka

Vi syner til verneområdestyret sitt vedtak av 21.09.2020, om dispensasjon til Stavanger Turistforeining for bygging av Skansen turisthytte i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr./bnr. 22/1, Sandnes.

Dispensasjonen er gitt ut frå § 48 i naturmangfaldlova (NML) og § 2 og § 3 – pkt 1.1 i verneforskrifta for verneområdet. Det er sett vilkår om etterfølgande handsaming etter plan- og bygningsloven (PBL) og motorferdselslova, god naturtilpassing, skånsamt byggjearbeid og avfallshandtering.

I grunngeving vert det vist til at tiltaket ikkje utvidar ramma for verneformålet, ved at forvaltningsplanen inneheld formulering om at eventuelt nye hytter langs «Lysefjordruta» i utgangspunktet (vår understreking) må leggast utanfor verneområdet, og at dette inneber ei opning for dispensasjon. «Lysefjordruta» er eit etablert rutenett, og saka vil ifølgje vedtaket såleis ha avgrensa uheldig presedens til andre område. Vidare i grunngevinga blir det vist til at avstanden til andre hytter er for stor, at ei hytte vil fremje ferdseilen med auka tryggleik og naturopplevingar og i tillegg styrke reiselivsutviklinga i området. Verknadene på naturmangfaldet blir vurdert som minimal og at dei ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Det blir også vist til at vedtaket ikkje er i strid med Besøksstrategien sitt formål pkt. 1.1.



Fylkesmannen si vurdering

I vår vurdering har vi og tatt utgangspunkt i bakgrunnsdokument for verneområdet:

Stavanger Turistforeining uttalte i samband med høyring av verneplanen at vernet måtte gi rom for tilbygg til eksisterande hytter, men at det ikkje var planar om nye hytter. Dei var og samde i at delar av området skal vere utan særskilt tilrettelegging. Vidare uttrykte dei at vernet likevel ikkje måtte vere til hinder for fornuftig bruk av området, mellom anna omlegging av rutenett, der det vart synt til arbeidet med ny turløype rundt Lysefjorden («Lysefjordløypa»). Dette blir også referert til i framlegg til kronprinsregentens resolusjon (sjå nedanfor).

I framlegg til kronprinsregentens resolusjon 19.12.2003 går det fram (kap. 1.2.2) at vernet ikkje vil vere til hinder for eksisterande verksemd, og at det vil kunne virke positivt for berekraftig reiseliv og turisme, men at dette ikkje må komme i konflikt med verneverdiane, jf. St. prp. nr 65 (2002-2003).

I same framlegg (s. 27) går det fram at Fylkesmannen meiner nye bygg er i strid med verneføremålet fordi det i utgangspunktet blir vurdert som vesentlege inngrep i landskapet, og at eventuell bygg må handterast etter dispensasjonsheimel. Direktoratet for naturforvaltning støtta Fylkesmannen sine vurderingar, og synte til at hyttebygging vil kunne påverke landskapet sin karakter, viltinteresser og landskapsbilde.

Ut frå desse dokumenta kan vi ikkje sjå at det tidlegare er gitt signal eller føringar som skulle tilseie opning for nye hytter, heller tvert om.

Om heimelsgrunnlaget i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48

I dispensasjonsvedtaket av 21.09.2020 blir det vist til formuleringar i forvaltningsplanen og besøksstrategien for verneområdet, og at desse dokumenta gir ei opning for å gi løyve til ny hytte. Fylkesmannen meiner at formuleringa «i utgangspunktet» i forvaltningsplanen, og formålet 1.1 i besøksstrategien, ikkje kan tolkast på ein måte som verkar juridisk utvidande i høve verneforskrifta og § 48 i naturmangfaldlova. Dei nemnde dokumenta har ikkje direkte juridisk verknad slik forskrifta har.

Det er ingen spesifikk heimel til tiltaket i verneforskrifta. Søknaden er derfor handsama etter § 48 i naturmangfaldlova, jf. verneformålet § 2 i verneforskrifta.

Verneformålet tar mellom anna sikte på å verne eit representativt, vakkert og særprega landskap. Vidare at ålmenta skal ha høve til naturoppleving «gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging» (vår understreking). Forbudsregel § 3 - 1.1 konkretiserer kva tiltak som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter, mellom anna er det nemnd oppføring og ombygging av bygningar. Hytta det er søkt om har ein storleik og plassering som etter vårt syn ikkje gir minimal innverknad, men tvert om klart vil ha ein vesentleg innverknad på landskapet. Gitt topografi og avstandar for innsyn, vil innverknaden på landskapet vere naturleg avgrensa. Likevel vil opplevinga av dagens urørte og storslegne landskap bli vesentleg endra for vitjande i området; jf. lovteksten for landskapsvern § 30 (NML) og om friluftsliv i § 2 i verneforskrifta.

I høve § 48 (NML), syner vi til vilkåra i lovteksten for å vurdere unntak frå eit vernevedtak. Likeså syner vi til vegleiar M106-2014 frå Miljødirektoratet *Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter*. Vilkår



seier at tiltak ikkje må vere i strid med verneformålet eller påverke verneverdiane nemneverdig. Begge vilkåra må vere oppfylt for å kunne gi dispensasjon.

Bevaring av landskapsbildet eller landskapsopplevinga er ei sentral målsetting ved oppretting av landskapsvernområde; å ta vare på heilskapen i representative landskap. Det skal ikkje settast i verk tiltak som verkar inn på landskapet sin art eller karakter.

Det går fram av forarbeida at § 48 ikkje kan nyttast på ein måte som utvidar ramma som er trekt opp i vernevedtaket (jf. også framlegg til kronprinsregentens resolusjon 19.12.2003). Vi meiner dispensasjonsvedtaket av 21.09.2020 vil virke juridisk utvidande på denne juridiske ramma, og gje betydeleg presedensverknad for tilsvarande tiltak i dette og andre landskapsvernområde i landet.

Konklusjon

Omsøkt hytte vil vere eit etter måten stort og permanent tiltak som vil vere i strid med verneformålet § 2 (jf. § 3 – 1.1) og påverke verneverdiane nemneverdig. Vilkåra for å gi dispensasjon, jf. naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ, er såleis ikkje til stades.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM